



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
93/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	22.11.2022
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FA-N62	22/190

### BREIBANDSUTBYGGING - KOMMUNALT TILSKOT

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til orientering slik den ligg føre.

Tilskot til breibandutbygging vert finansiert av næringsfondet.

Saka vert tatt til orientering slik den ligg føre.

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 93/2022

#### FPØ - Behandling:

#### På vegner av Sp, SV, H og Frp la Kjartan Haugsnes fram følgjande endringsforslag:

Saka vert tatt til orientering slik den ligg føre.

Formannskapet drøftar saka

#### Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk 2 (AP) mot 5 (Sp, SV, H og Frp) røystar og falt  
Endringsforslag frå Kjartan Haugsnes (SV) på vegner av Sp, SV, H og FRP fekk 5 (Sp, SV, H og Frp)  
røystar og vert vedteke.

#### FPØ - Tilråding/Vedtak:

Saka vert tatt til orientering slik den ligg føre.

#### Saksopplysningar:

#### Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Saka gjeld kommunal eigendel til finansiering av breibandutbygging i kommunen. Kommunen får tilskot til utbygging i område der det ikkje er kommersielt lønsamt for leverandør å byggje ut breiband. Utbygginga vert finansiert av statlege og kommunale midlar.

**Bakgrunn for saka**

Breibandsplanen vart vedtatt før sommaren og kommunestyret har bede om overslag over kostnadar for realisering av utbygginga. Ordninga med statlege midlar, NKOM-midlar, til støtte for utbygging der det ikkje er kommersielt lønsamt, er administrert gjennom fylkeskommunen. Det vert lagt til grunn kommunal medfinansiering i lokale prosjekt.

Vaksdal kommune har søkt om og fått tilsegn om midlar til utbygging av breiband både i 2020 og 2021. Fylkeskommunen har ansvar for ordninga og anbudsprosessar om utbyggingsprosjekt. Anboda for 2021 er no i slutfasen og det nærmar seg oppstart for prosjekta.

Kommunen søker om prosjekt kvart år innafor dei kriteria som til ei kvar tid gjeldande. Om me får innvilga midlar vil avhenge av blant anna behov, kriteria og tal søknader. Me har førebels berekna årleg kostnad i planperioden fram til 2026 til 2-2,5 mill.

**Formelt grunnlag**

Breibandsplanen

KS 63/2022

Søknader og tilsegn om tilskot til utbygging

**Vurdering og konsekvensar**

Kommunalt tilskot til prosjekta er definert som driftstilskot, ikkje investering. Årlege midlar til slik medfinansiering må dekkast frå driftsmidlar eller driftsfond. Prosjekta omhandlar næring og er i tidigare år finansiert av næringsfondet.

Kommunedirektøren gjer framlegg om å finansiere breibandutbygginga av næringsfondet. Det er venta oppstart og utbetaling til utbygging i deler av Eksingedalen og Oljeberget i nær framtid.

Endeleg finansiering av enkeltprosjekt vert lagt fram som budsjettjustering.